



Ole Clausen
Kleivdalsvegen 361
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/356 - 19/9391

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
19.03.2019

Bygging av landbruksveg Halsteindalsvegen gbnr 184/1 i Lindås

Dokument:

Søknad om bygging av landbruksveg Frå Ole Clausen innkome 02.02 2018
Vegen sendt regionale mynde til høyring 08.01, 2019
Svar Hordaland Fylkeskommune innkome 07.02. 2019

Lovgrunnlaget:

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
Naturmangfallova

Saksutgreiing:

Det vert søkt om bygging av ein ca 800 meter lang skogs bilveg veg kl 4. Arbeidet går ut på opprusting av ein gamal gardsveg i ei lengd av 450 meter og 350 meter nyanlegg. Denne vegen vil i tillegg til å løysa ut skogsareal gje betre tilkomst til eit mindre gardsbruk som har vore fråflytta i minst 50 år. Dei nye eigarane har no og planar om opprusting av husa for å busetja seg der.
Vegen er sendt reionale mynde til uttale utan at det er kome merknader til bygginga, men Hordaland fylkeskommune har ein merknad om at det må takast omsyn til kulturlandskapet.

Vurdering:

Vegen vil løysa ut store delar av skogen på bruket som vart planta først på 60 talet samstundes som den kan gje rom for ny busetnad og drift og vedlikehald av bruket. Ut frå denne vurderinga har ein funne at det er heimel for å bygga vegen etter landbruksveg forskrifter.

Kommunen har også vurdert vegen etter § 7 i Naturmangfallds lova utan å kunne sjå at bygging av vegen vil ha negativ verknad på naturmangfaldet. Bygging av vegen vil heller ikke føra til auka fare for flaum og ras.

Vedtak:



Det vert synt til saksutgreiinga og med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28.05 2015 godkjenner Lindås kommune bygging av ein ca 800 meter lang landbruksveg frå Kleivdalsvegen og fram forbi tunet på gnr 184 bnr 1 Halsteindal. Vedtaket er gjeldane i 3 år frå dags dato. Ein vil gjera merksam på at det er meldingsplikt og arbeidet skal stansast om det kjem fram fortidsfunn under arbeidet med vegen.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar skogbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole Clausen	Kleivdalsvegen 361	5915	HJELMÅS
-------------	-----------------------	------	---------